



DEN NORSKE KYRKJA
I ULLENSVANG

MØTEBOK FOR JONDAL SOKNERÅD

Møtedato: 20.10.2021	
Frå sak nr. 39/21,40/21,37/21,41/21,42/21	Møtestad: Jondal kyrkje, sakristiet
Underskrifter: Protokollen vert underskriven av leiar og lagt fram for godkjenning i neste møte.	
Leiar Anne Røymstad	Nestleiar Åse Marit Jørgensen
Sekretær Karin Utheim Gangdal	Kasserar Ingebjørg Grøtt
Medlem Cecilie S. Stærnes	Medlem Marit Hesvik
Geistleg representant Arne Opsahl Engen	1. Vara: Maria Eide
Forfall til møtet: Maria Eide	

Utskrift sendt til: Medlemar, 1. varamedlem og kyrkjekontoret i Kinsarvik.
Kyrkjekontoret sender referat vidare til: Kyrkjeverja, tilsette i soknet og prosten i Hardanger og Voss prosti.

Meldingar:

- Soknemøte er satt til 07.11.21 etter Helgemessegudsteneste.
Det blir kyrkjekaffi. Bestiller kake på Coop. Soknemøtet startar ca kl.12.30
- Juleverkstad med Solstråla blir tysdag 23.11. kl.16-18

Åse M. har kjøpt inn ting . Anne Karin leverer ut personleg invitasjon til Solstråla. Dei som har lyst og anledning til å være med frå Soknerådet er velkomen til det.

- Melding frå Arne. Dette året blir det 6 konfirmantar. Diakonale oppgåver blir ein del av konfirmantåret. Dei skal få oppgåver på Ving, dei blir med på Stikk innom på enkelte fredagar. Til våren blir dei med på samlingar på Vikevollen.
- 26.10 blir det orientering om ny kyrkjeordning i Odda.

Informasjon: Nytt frå UKFR v/Cecilie

- På sist møte i Fellesrådet vart det diskutert budsjett. Det er behov for nytt lydanlegg i kyrkja. Kostnad ca. kr. 250 000. Utgiftene til lydanlegg i dei andre kyrkjene har vore delt mellom sokneråda og fellesrådet; halvparten kvar. Hentast inn 2 tilbod på pris, frå Voss Lyd og frå Arild Nilsen.

Nedanfor føl sakene som har vore til handsaming i møtet.

Saker:

39/21 Godkjenning av innkalling og saksliste

40/21 Godkjenning av protokoll frå møtet den 22.09.2021

37/21 Søknad om ofring i Gudsteneste.

41/21 Årsmelding – gjennomgang/godkjenning.

42/21 Eventuelt

Sak 39/21 Godkjenning av innkalling
--

Vedtak:

Innkalling til møtet den 20.10.21 vart samrøystes godkjent.

Sak 40/21 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokoll/ møtebok frå møtet den 22.09.21 vart samrøystes godkjent med ei oppklaring,

Det er kome eit innspel til **sak 36/21. Forslag til nye rutinar for oppbevaring/vidaresending av offergåver**. Takkoffer, om det er endra innsamlingspraksis. Om det ikkje skal vere ofring rundt alter på gudstenester, kun offer i offerkiste i midtgangen eller vipps. Viss det skal gjerast permanente endringar i innsamlingspraksis må det drøftast meir med dei

som har det liturgiske ansvaret i kyrkjelyden. Det er sjølvsagt ikkje gjort noko endring på det.

37/21 Søknad om ofring i Gudsteneste – sak overført frå møtet 22.09.21

Kort utgreiing om saka:

4 søknader om ofring. Det vart gått gjennom søknadane.

Søknad om offer til Bjørgvin si vennskapskyrkje på Cuba. Brev frå Biskop Halvor Nordhaug. Det er krevjande å vere kyrkjer på Cuba. Ustabil politisk situasjon, framtida uviss og dagleglivet er vanskeleg for folk flest. Kyrkja har akutt trong for økonomisk støtte utan ifrå. Soknerådet ynskjer å ha ein ofring til Cuba etter nyttår. Det er mange gode formål som det kan gis pengar til. Takkoffer sak på eit seinare soknerådsmøte.

Forslag til vedtak:

Ei ofring til Bjørgvin si venskapskyrkje på Cuba etter nyttår. Takkoffer sak på eit seinare soknerådsmøte.

Vedtak:

Samrøystes vedtatt

Sak 41/21 Årsmelding – gjennomgang/godkjenning og plan for gjennomføring

Kort utgreiing om saka:

Det er skreve årsmelding for 2020. Det er kome innspel til årsmeldinga.

Soknerådet må ha ein revisor. Det blir tatt kontakt med ein som kan vere aktuell.

Rekneskap for 2020 må vere med i årsmeldinga.

Cecilie gjer endringar i årsmeldinga. Anne Karin legg den ut på Jondal kyrkje si nettsida. Det må vere gjort 1 veke før årsmøte, seinast 1.nov. Årsmeldinga er soknerådet si innstilling til årsmøte. Soknerådet ynskjer innspel. Forslag til endringar i årsmeldinga må sendast skriftleg til soknerådsleiar. Frist for innspel er seinast fredag 5.nov kl.12.00. Informasjon om dette på gudstenesta på søndag 24.okt.

Forslag til vedtak:

Det blir gjort endringar i årsmeldinga etter innkomne innspel. Årsmeldinga blir lagt på Jondal kyrkje si heimesida seinast 1.nov. Frist for skriftlege innspel til årsmeldinga er seinast 5.nov kl.12.00

Vedtak.

Forslag til vedtak samrøystes vedtatt

Sak 42/21.21 . Eventuelt

Kyrkjevert må vere i kyrkja til kl 10.15. Det heng liste i prestesakristiet over kyrkjeverter. Melding til Anne viss ein bytter med kvarandre. Anne oppdaterer lista. Ved sjukdom der ein ikkje klarer å bytte, ring Anne.